

ÅRSMELDING

2018



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Personale

Vi har ikkje hatt endringar i personalsituasjonen i 2018. Kyrkjelydspedagogstillinga har vore vakant heile året.

Økonomi

Soknet hadde eit meirforbruk (underskot) på kr 72.799,- i drifta. Investeringsrekneskapen for 2018 går i balanse, etter at det er brukt kr 35.602,- meir enn budsjettet av ubunde kapitalfond.

Investeringsprosjekt

Det har vore eit lågt investeringsnivå enn føregåande år, og lågare enn opphavleg planlagt ved budsjettvedtaket. Samla investeringskostnad utgjer kr 651.810,- for 2018. Hovudårsaker til desse låge investeringane er at ein ikkje har fått arbeidd med anna enn planlegging og prosjektering av tiltaka tilbygg ved Vilnes kyrkje og parkeringsplass ved Vilnes kyrkje.

Gravplassforvaltning

Arbeidet med opprydding i gravregisteret, herunder kartlegging av festarar og gravansvarlege og reetablering av tidlegare utløpte festeavtalar, heldt fram gjennom. I løpet av året var det 107 utfakturerte festetilbod og totalt 45 gamle graver vart sletta i løpet av året.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nærme det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplasstyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Harriett Norstrand
Halldis Rørvik
Arne Fedøy
Aud Eldrid Frøholm
Ingvild Loftheim
Leif Jørgen Leknes
Terje Mork
Else Stølen
1. vara Karen Anny Espedal
2. vara Sissel Hege Igland
3. vara Eva Iren Landøy
4. vara Egil Helge Tjønneland
5. vara Arne Martin Tjugum

Kommunen sin representant

Anne Grethe Lien
Bjørn Arne Mjåseth (personleg vara)

Geistleg representant

Stein Hugo Fykse
Reidar Knapstad (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda

Rune Ziener

2.2 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2018 var det 5 soknerådsmøte, og det vart handsama 34 saker (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta). Det var soknemøte/årsmøte i Kvammen kapell 22. april med 9 møtande med stemmerett.

2.3 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
Rune Ziener

Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Terje Mork som varamedlem
Jostein Gryte (nestleiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Rune Ziener

Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Stein Hugo Fykse
Rune Ziener

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Else Stølen	Terje Mork
Aud Eldrid Frøholm	Gunn Sætre	Kari Berit Ness
Oddgeir Askevold	Agnar Vilnes	Jorunn Bull
Ingvild Strømmen	Edvin Landøy	Anne Grethe Lien
Arne Tjugum	Kjellaug Vilnes	Karen Espedal
Liv Hushagen	Esther Hugøy	

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Halldis Rørvik	Tone Nybø
Harald Ålen	Kathrin Sunde Rogne
Atle Selvik	Magnar Hillersøy
Leif Leknes	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Trusopplæringsutval

Harriett Norstrand
Sigrid Lunde
Sidsel Anita Itland
Marit Veim Thistel
Mrk: Utvalet har ikkje vore i funksjon i 2018

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2018

Funksjon	Årsverk 2018	Årsverk 2017	Årsverk 2016	Årsverk 2015
Kyrkjeleg administrasjon	1,8	1,8	1,7	1,7
Kyrkjer	0,7	0,7	1	1
Gravplassar	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	0	0	0,5	0,5
Sum fastlønn	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,9</u>	<u>3,9</u>
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>4,45</u>	<u>4,45</u>

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2018 (2017-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekket avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjukefråver relatert til arbeidsmiljøet	0	-
Avviksmeldingar	0	-
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	-	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
Sjukefråversprosent		8,7 (13,9)

Merknad til HMT-rapporten: I 2018 har ein ikkje klart å følge opp gjeldande HMT-plan for verksemda.

4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudsteneste					Tal deltakarar					Nattverdgjestar				
	2018	2017	2016	2015	snitt	2018	2017	2016	2015	snitt	2018	2017	2016	2015	snitt
Askvoll	21	23	27	27	24,5	1712	1782	2172	1593	1815	262	308	404	406	345
Vilnes	11	14	14	13	13,0	623	624	672	677	649	59	94	139	54	87
Holmedal	14	14	15	14	14,3	700	627	1008	1102	859	145	221	382	198	237
Kvammen	11	7	14	16	12,0	743	401	764	981	722	108	102	185	142	134
Stongfj	1	4	3	3	2,8	40	117	183	206	137	0	16	14	15	11
Værlandet	1	0	1	1	0,8	149	0	33	147	82	0	0	0	0	0
Bulandet	12	12	12	14	12,5	580	723	771	665	685	201	252	159	260	218
Sum	71	74	86	88	79,8	4547	4274	5603	5371	4949	775	993	1283	1075	1032

Inkludert i tal gudstenester er nattverdgdustenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), skulegdustenester, og ikkje forordna gudstenester.

Det var tre messefall i 2018 (eitt for Vilnes kyrkje og to for Holmedal kyrkje).

Skulegdustenester:

I Askvoll og Vilnes var det to skulegdustenester med til saman 338 deltakarar.

Andakter/nattverdgdustenester på Askvollheimen:

Det har vore ti andakter (ni med nattverd) på Askvollheimen med totalt 121 (med 81 til nattverd) til stades. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Snitt deltakarar per gudsteneste:

	2018	2017	2016	2015	Snitt pr. stad
Askvoll	81,52	77,48	80,44	59,00	74,61
Vilnes	56,64	44,57	48,00	52,08	50,32
Holmedal	50,00	44,79	67,20	78,71	60,18
Kvammen	67,55	57,23	54,57	61,31	61,31
Stongfjorder	40,00	29,25	61,00	68,67	49,73
Værlandet	149,00	n/a	33,00	147,00	109,67
Bulandet	48,33	60,25	64,25	47,50	55,08
Snitt pr. år	64,04	57,76	65,15	61,03	62,00

4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døypte					Konfirmerte				
	2018	2017	2016	2015	snitt	2018	2017	2016	2015	snitt
Askvoll	15	9	13	15	13	5	12	12	6	9
Vilnes	4	2	11	8	6	5	10	9	6	8
Holmedal	3	5	4	4	4	4	7	6	8	6
Kvammen	4	1	3	10	5	4	1	7	6	5
Stongfjorden	0	2	0	2	1	1	0	3	4	2
Værlandet	0	2	1	0	1	5	0	0	4	2
Bulandet	3	2	7	1	3	4	7	3	2	4
Sum	29	23	39	40	33	28	37	40	36	35

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde*				
	2018	2017	2016	2015	snitt	2018	2017	2016	2015	snitt
Askvoll	1	4	5	1	3	20	17	13	19	17
Vilnes	1	0	0	0	0	7	3	2	7	5
Holmedal	1	1	2	1	1	10	10	5	6	8
Kvammen	0	1	0	0	0	4	7	3	2	4
Stongfjorden	0	0	0	0	0	2	6	2	3	3
Værlandet	0	0	0	0	0	1	0	3	2	2
Bulandet	1	0	0	3	1	6	3	8	4	5
Sum	4	6	7	5	6	50	46	36	43	44

* I tillegg til talet gravferdsseremoniar i tabellen var det til saman to gravleggingar i kategoriane ikkje-kyrkjeleg ordning/urnenedsetting.

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2018

Trass at ein ikkje har hatt kyrkjelydspedagog i 2018, har ein fått gjennomført fleire trusopplæringstiltak.

Alder	Namn på tiltak	Fra plan	Tal samvær	Omfang i timar
0 - 1	Dåpsfase	Med Jesus vil eg leve.	2	3
4	Utdeling av 4-års bok	Med Jesus vil eg leve.	1	2
6	Utdeling av 6-års bok	Med Jesus vil eg leve.	1	2
10 - 11	Utdeling av Bibel		1	2
14 - 15	Konfirmasjon	Med Jesus vil eg leve.	21*	60
Total			25	67

*Samvær inneber her både konfirmantundervisning, leirhelg og nattcup, og deltaking på gudstenester

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal jenter	Tal Gutar	Deltaking prosent	Tal i målgruppa
Dåp	29	14	15	161%	18
4-årsbok	26	13	13	93%	28
6-årsbok	14	10	4	47%	30
Utdeling av Bibel	29	15	14	50%	58
Konfirmasjon	28	14	14	104%	27
Total	113	54	59	86%	131

4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte to kyrkjekonsertar/musikkandakter i eigen regi i 2018. Totalt frammøte for desse var 233 besøkande.

Utanom dette vart det arrangert fire kyrkjekonsertar ved eksterne arrangørar med totalt 795 besøkande.

4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniuval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan.

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 11.201,- fordelt på 6 gudstenester.

4.6 Profilering og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2018 fekk ein gitt ut tre nummer av kyrkjebladet for Askvoll.

Dette er i tråd med innsparingstiltaket, der ein har redusert målsettinga med eitt nummer pr. år grunna tidlegare underskot i bladfinansieringa.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivilleg bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2017 hadde ein eit overskot på kr 4.956,- for kyrkjebladet, avsett til bunde fond for kyrkjeblad.

Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert eigne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd. Talet unike besøkande ligg på gjennomsnittleg 448* personar pr. månad (270 i 2017), med gjennomsnittlig 2140* sideoppslag pr. månad (1384 oppslag i gjennomsnitt i 2017).

*Her er utrekna snitt frå mars til desember 2018, då ein ikkje har data for januar og februar.

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 430 tilhengarar (pr. mars 2019), svakt opp frå 386 tilhengarar året før.

5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Avslutta prosjekt 2018	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2018	Planlagde, men ikkje igangsette prosjekt 2018
Ny plentraktor og minilastar	Tilbygg Vilnes kyrkje	Parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard
Lyssetting ved Vilnes kyrkje		
Innvendig rehabilitering Kvammen kapell		

Innvendig rehabilitering Kvammen kapell

Innvendig i kapellet er det nye golvflater i alle rom. Det er nytta vinyl i hallen, våpenhuset, toalettromma og sakristia og laminat i sjølve skipet og sidesalen. Vegg- og takflater er pussa opp, og toalettdelen i hallen er fullstendig rehabilitert. Her er mellom anna støypt heilt nye golvflater. Det eine toalettet er bygga om med tilpassing til rørslehemma. Alt av sanitærutstyr er nytt. Mykje av arbeidet innvendig har vore utført på dugnad. Samla prosjektkostnad har vore kr 1.450.237,-. Restbetalinga i prosjektet i 2018 var kr 116.705,-.

Lyssetting ved Vilnes kyrkje

Hovuddelen av arbeidet med utvendig lyssetting ved Vilnes kyrkje vart gjennomført i 2017. Grunna forseinkingar i leveranser for armaturmateriell vert ikkje armatura montert før i 2018. Prosjektkostnad kr 224.185,-.

Tilbygg ved Vilnes kyrkje og automatisk slokkeanlegg

Prosjektet låg opphavleg inne med ein budsjettsum ekskl. MVA på kr 2.000.000,-. Dette er nedbudsjettet i 2018, og ført opp på nytt i 2019. Ein har i 2018 berre fått arbeidd med prosjektering og er i gang med godkjeningsprosessen. Påløpne prosjekteringskostnader var kr 36.705,- i 2018.

Plentraktor og minilastar

Ein har kjøpt inn ny plentraktor og minilastar med hengar for å lette arbeidet på gravplassane. Totalkostnad var kr 305.231,-.

Parkeringsplass ved Vilnes

Her har ein arbeidd for å finne ei løysing som kan godkjennast av Riksantikvaren og fylkeskommunen. Ein har så langt ikkje hatt kostnader til prosjektet.

5.2 Vedlikehald, inventar og utstyr (tiltak i VU-plan)

Nye messehaklar til Askvoll kyrkje

Ein har kjøpt fire nye messehaklar/stolaer i dei fire liturgiske fargane til Askvoll kyrkje.

Skifta defekt flomlysarmatur Askvoll kyrkje

Ikkje fungerande lysarmatur er bytta ut.

Nye basshøgtalarar til Askvoll kyrkje

Nye høgtalarar for å betre lydopplevinga i kyrkjerommet.

Nytt kjøkkenskåp og rørleggararbeid i Kvammen kapell

Nødvendig fornying og utbetring.

Slåtteutstyr

Det er kjøpt inn ny kantklippar til Holmedal. I tillegg har det vore nokre reparasjonar på den gamle plentraktoren.

Ikkje realiserte tiltak i VU-plan 2018

- Ein fekk ikkje ferdig restaureringsarbeidet på lysekronene til Askvoll kyrkje, og dei er fortsatt på verkstaden i Bergen.
- Ein er heller ikkje i mål med planane om å fjerne/destruere gamle gravminne.
- Planlagt utbetring av hellegangen framfor Askvoll kyrkje fekk ein heller ikkje gjort.


6.0 ØKONOMI

6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2018 eit meirforbruk (underskot) på kr 72.799,- i driftsrekneskapen. Meirforbruket i drift er føreslege dekkja inn ved bruk av disposisjonsfond.

Nøkkeltal

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Driftsinntekter	4578891	4551500	4991162
Driftsutgifter	4612812	4557200	4814013
Brutto driftsresultat	<u>-33921</u>	<u>-5700</u>	<u>177149</u>
Netto finansinntekter	1409	0	365
Netto driftsresultat	<u>-32512</u>	<u>-5700</u>	<u>177514</u>
Bruk av avsetninger	110426	109400	128399
Avsetninger	150713	103400	304513
Rekneskapsmessig mindreforbruk	<u>-72799</u>	<u>300</u>	<u>1400</u>




Generell kommentar til rekneskapen:

Samla driftsinntekter i 2018 er kr 412.271,- lågare enn i 2017. Hovudårsaker til reduksjonen:

- Ein har fått nedtrekk i driftsløyving frå Askvoll kommune med netto kr 108.000,-
- Redusert statleg tilskot til trusopplæring kr 119.938,- pga. vakant stilling
- Nedgang i refusjonsinntekter kr 126.209,- primært pga. redusert sjukelønnsrefusjon samanlikna med tidlegare og ingen refusjonsinntekt frå kommunen pga. sal av muskarressurs til kommunen med siste refusjonsutbetaling i 2017.


Samla driftsutgifter er ned kr 201.201,- frå 2017.

Utgifter til vare- og tenestekjøp er ned kr 125.024,- og utgifter til lønn og sosiale utgifter er ned kr 102.231,- frå 2017. Hovudårsaken til nedgangen i lønnsutgifter frå 2017 er at organiststillinga er redusert frå 100% til 70% frå november 2017. For vare- og tenestekjøp er det brukt betydeleg mindre t.d. til vedlikehald på kyrkjer og gravplassar.




Pensjonsutgifter

Premien som er belasta i 2018 var omkring kr 3.500,- høgre enn i 2017 og overføring frå premiefondet var kr 31.177,-. Inkludert overføringar frå fondet var pensjonskostnaden kr 411.865,-.



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter ligg lågare i 2018 enn i 2017, og utgjer kr 92.000,- i rekneskapsåret. Dette er konsekvens av at det vert stadig vanskelegare å kartlegge ukjente festarar for gjenopptak av utløpte festeavtalar og at ein har innført fritak for festeavgift for alle graver yngre enn 30 år.



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Denne tenesta har eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 78.808,-. Merk at meirforbruken i driftsrekneskapan kr 72.799,- er ført her som ikkje-budsjettert driftsinntekt, og vil påverke tenesta sitt resultat.

Største budsjettavvik er på lønn med kr 12.312,- i meirforbruk og stroke budsjettert overføring til investering for eigenkapitalinnskot til KLP, kr 13.000,-, pga. meirforbruk i investeringsrekneskapan (jf. strykningsbestemmelser i investeringsrekneskapan).

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit meirforbruk på kr 49.755,-. Største avvika her er kr 33.253,- meir brukt på energi (strøm) og 13.709,- på serviceavtalar og reparasjonar enn budsjettert.

På fastlønn ligg rekneskapsført kr 32.045,- mindre enn budsjettert, men avviket her skuldast ein korrigerig mot feil i sjukelønnsrefusjon som vart gjort i 2017. Dette ser ein igjen på posten sjukelønnsrefusjon, som rekneskapsteknisk er ført som utgift med kr 45.320,-.

Det vart brukt kr 53.395,- mindre til vedlikehald enn budsjettert.

Kr 77.547,- kom inn i gåver til kyrkjene, og saman med midlar frå kyrkjeofringar er desse avsett til bunde fond knytt til kyrkjene med kr 98.287,-.

04300 – Gravplassar

Samla meirforbruk på tenesta er kr 29.053,-. Her er mellom anna brukt ca. Her er ingen større budsjettavvik, men noko meirforbruk på lønn og skyssgodtgjersle og noko mindreinntekt på

festeavgift.

Grunna høgt gravferdstal både i 2017 og 2018, har ein hatt betydeleg høgre utgifter til graving m.v. Under andre utgifter på denne tenesta har det vore ei kostnadsvekst frå kr 192.620,- i 2016 til kr 280.574,- i 2018.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta gjekk om lag i balanse. Her er avsett kr 2.657,- til bunde fond for kyrkjelydsarbeid for å saldere tenesta.

04420 – Trusopplæring

Denne tenesta påverker driftsresultatet mest i 2018-rekneskapan. Grunnen til dette er vakanse i kyrkjelydspedagogstillinga. Grunna framleis vakanse i denne stillinga fekk ein eit overskot på deltenesta på kr 44.813,- og dette overskotet er avsett til bunde fond for trusopplæring.

Hovudfinansieringa her er trusopplæringsmidlar frå Rettssubjektet Den norske kyrkja, og unytta tilskotsmidlar kjem til frådrag i framtidige tilskotsrunder.

Her var ingen vesentlege budsjettavvik.

04479 – Kyrkjeblad

Også i 2018 gjekk kyrkjebladet med eit lite overskot. Overskotet, kr 4.956,- er avsett og balansert mot bunde fond for kyrkjeblad.

6.2 Investeringsrekneskapen

Samanlikna med tidlegare år har ein i 2018 hatt lite investeringar.


Samla investeringar soknet i 2018 var kr 651.810,-, der kr 638.190,- av desse var i anleggsmiddel og resterande kr 13.620,- var eigenkapitalinnskot.

Finansieringa av dette fordelast slik:


Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	Kr 132.208,-
Tilskot frå Askvoll kommune	Kr 340.000,-
Bruk av avsetningar (ubunde kapitalfond)	Kr 179.602,-
<i>Sum finansiering</i>	<i>Kr 651.810,-</i>

Det er brukt kr 78.798,- meir enn justert budsjett til investeringane i 2018. På grunn av at ein hadde driftsunderskot, måtte ein i tillegg dekke inn manglande budsjettert finansiering av eigenkapitaltilskotet som var budsjettert overført frå drift med kr 13.012,- totalt kr 91.810,- .

Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	Kr 16.208,-
Tilskot frå Askvoll kommune	Kr 40.000,-
Bruk av avsetningar (ubunde kapitalfond)	Kr 35.602,-
Manglande overført frå drift	Kr - 13012,-
<i>Sum finansiering</i>	<i>Kr 78.798,-</i>





Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




6.3 Balanserekneskapen

	2018	2017	Endring
Bunde fond	1 343 103	1 230 416	112 687
Disposisjonsfond	74 713	145 713	-71 000
Ubunde investeringsfond	279 248	458 850	-179 602
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-72 799	1 401	-74 200
Total	1 624 265	1 836 380	-212 115


Gjennom rekneskapsåret 2018 har det vore ein reduksjon i summen av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på kr 212 115,-.



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.



Bunde fond (fellesrådsmidler) pr. 31.12.



7.0 FRAMBLIKK 2019-

- **Kyrkje- og gudstenesteliv**
 - *arbeide for å oppretthalde prestedekninga*
 - *askvoll kyrkje - utvida bruksområde som famnar om fleire*

- **Trusopplæring**
 - *rekruttere trusopplærar i ledig stilling*
 - *iverksetje fleire av tiltaka i vedteken plan*

- **Styrking og synleggjering av våre kommunikasjonsplattformer**
 - *kyrkjeblad*
 - *heimesider*
 - *sosiale medier*

- **Gjennomføringsevne for investeringsprosjekt**
 - *auke gjennomføringshastighet*

- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - *visjonsformuleringar og målstyring*
 - *betre merksemd på planarbeid, særleg innan diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid*

- **Gravplassforvaltning**
 - *komme ajour med festeavtalar*
 - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*

- **Økonomi**
 - *halde oppe driftsnivå, når ein har reduserte driftsrammer frå 2018*

- **HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - *implementere HMT-systemet*
 - *satse på kompetanse- og personalutvikling*

- **Kyrkjevalet 2019**
 - *gjennomføre valet med god valdeltaking*

15.03.2019

Rune Ziener